



Norconsult Norge As
Postboks 626

1303 Sandvika

Vår ref:
25/7612-GBNR/ 38/356 IH

Dykkar ref.


Dato:
18.06.2025

Referat frå planoppstartmøte for reguleringsplan Klausen Industrier, planID 4648.202502

GENERELLE OPPLYSNINGAR	
Planidentifikasjon/ Arkivsaknr.	4648.202502 25/1755
Sakstittel	Reguleringsplan Klausen Industrier
Møtedato og -stad	17.06.2025, Rådhuset i Svelgen
Møtedeltakarar/ rolle	Frå forslagsstillar Frå Klausen Industrier Svelgen AS; styreleiar Asbjørn Inge Steen og dagleg leiar Gunnar Mundal Åsmund Veigel Gaukstad frå Norconsult Frå Bremanger kommune Inger Hilde Magnhild Myklebust
Område, gbnr.	38/301, 356, 413
Plantype, plannamn	Detaljreguleringsplan. Detaljreguleringsplan Klausen Industrier, gbn 38/356 m.fl.
Føremålet med planen	Heimle utviding av verksemda, med ny industrihall og administrasjonsbygg. Ev ny tilkomst frå vest med parkeringsplass.
Framlagt materiell	Epost frå Norconsult den 10.06.2025, med vedlegg: - Tinging av oppstartmøte frå Norconsult, datert 10.06.2025. - Framlegg til planavgrensing - 3D-skisse over utbyggingsplanar, datert 10.06.2025.
Planlagde tiltak	- Ny industrihall, med del for lumprom og vask av bilar (innvendig) og maskinar - Administrasjonsbygg i to etasjar

	- Tilkomstveg frå vest, dimensjonert for personbilar og utrykningskøyrety - Tilbygg for tekniske anlegg, inkl trafo for auka straumforsyning, til 400V. Ny industrihall inntil eksisterande, har første prioritet. Administrasjonsbygget ligg lenger fram i tid. Her er det ønskje om å leggje til rette tilkomst til 2. etg. frå terreng, utan heis. Ved bygget skal det vere parkeringsplass for tilsette, via ny tilkomst frå vest. Plankonsulent vil sjå på korleis ny avkøyrsl frå vest kan løysast. Terrenget er krevjande, og vegen til boreholet er bratt. Tiltakshavar vil samrå seg med Bru Eigedom og vurdere felles avkøyrsl. Kommunen gav uttrykk for at avkøyrslene til boreholet og Klausen bør samordnast, men at vi ser at dette kan vere vanskeleg å få til. Det vart drøfta høve til ferdsel mellom planlagt industrihall og fylkesveg. Her bør vere plass til gjennomkøyring. Tiltakshavar har dialog med fylkeskommunen om byggjegrænse mot fylkesvegen, fv 614. Planen bør gjere greie for utelagring og trafikk, for å sikre trygge forhold også internt på tomte. - I møtet vart eit alternativ med påbygg på eksisterande bygg, for adm., lufta, med tanke på at avkøyrsl frå vest då kan sløyfast. Dette vil bli avklara i prosessen. - Mot sjø er det tenkt betongsåle og natursteinsmur, og ein ønskjer å bruke eigen sprengstein. Massebalanse må gjerast greie for i planen. - Verksemda har for svak straumforsyning, og vil etablere 400V- anlegg i tilbygg mot aust. - Det vil bli vurdert vassboren varme frå sjø, då fjernvarmeforsyning har for dårleg regularitet.
Verknader av reguleringsplanen utanfor planområdet	Det er bratt ned mot sjøen, der det er utslag for borehol for vassveg frå Risevatnet, og sjøleidning vidare til akvakulturanlegg i Breivika. Det er nyss godkjent eit mindre overbygg over utslaget. Området må sikrast mot fare for nedfall av massar. Det er alt gjort vurdering av grunnforholda, ved geoteknikar. Grunnforhold og tryggleik mot skred blir del av ROS-analysen til planen. Planområdet vart tilrådd utvida slik at det ved varslinga omfattar tilkomstvegen til boreholet, og sjøve området ved sjøen. Det kan ev avgrensast nærare i planarbeidet. Det må innhentast data for djupner for vassvegen, med tanke på fjellsprenging for planlagde tiltak. Kommunen sjekkar om vi har data på dette, viss ikkje må plankonsulent ta direkte kontakt med Breivika eigedom. Ny avkøyrsl frå vest vil gje noko auke i trafikk på Strandvegen, då det er planlagt tilkomst for personell. Ein reknar med ca 5 fleire tilsette, i tillegg til dagens vel 11. Ein føreset elles at det vil vere lite verknader for naboskap, av planlagde tiltak. Det er ikkje planlagt støyande aktivitetar, og det er god avstand til busetnad. I anleggstida må det sytast for trygg trafikkavvikling internt på anleggsområdet, og i høve trafikken på fylkesvegen, med gang- og sykkelvegen.

PLANFØRESETNADER	
Gjeldande plangrunnlag for området	
Kommuneplan	- Arealdelen til kommuneplanen for Bremanger, 2024-2036, planid. 4648.201804.
Reguleringsplan	- Reguleringsplan for Svelgen sentrum, planID 1438.200101. - Reguleringsplan fv 614, gang- og sykkelveg Svelgen, planID 4648.201801
Forholdet til arealplan og planar i området	Gbn 38/301, 356 er regulerte til industriføremål. Planlagde tiltak er innanfor planføremålet, men kan vere i strid med føresegner, eks er planlagd byggjehøgde større enn det reguleringsplanen for Svelgen, heimlar. Eksisterande reguleringsplan for Svelgen har krav til maks 7,5 m høgde. Eksisterande industrihall er 8,8 m høg. Det nye bygget er planlagt med større høgde.
Pågåande planarbeid	Ingen relevante
Andre relevante føringar (statlege, regionale og kommunale)	Kommunen sin VA-norm gjeld som eit utgangspunkt. Sjå vedlegg.
Krav om konsekvensutgreiing / planprogram	Kommunen kan ikkje i utgangspunktet sjå at tiltaket kan få vesentlege samfunnsmessige konsekvensar som krev konsekvensutgreiing eller planprogram. Plankonsulent vil gjere eiga vurdering i høve krava i KU- forskrifta.
Planfaglege vurderingar	- Tiltakshavar ønskjer å fornye fasadar på eksisterande bygg. Kommunen kommenterte at det er viktig at det blir tiltalande fasadar mot vegen/-ane, då det ferdast folk langs vegen. Elles viser ein til at den estetiske utforminga og farge- og materialbruk skal utgreiast i planen. - Etter innkomne innspel etter planoppstartvarsel, kan ein vurdere parallell prosess på plan og byggjesak, føresett at plansaka ikkje er konfliktfylt.
PLANAVGRENSING	
Kart med planavgrensing (Bremanger kommune)	Tiltakshavar har ønske om å avgrense planområdet, men det bør varslast eit tilstrekkeleg stort område ved oppstart. Ein bør vurdere om dei planlagde tiltaka på austsida av eksisterande bygg, bør innlemmast i planområdet. Underståande er kommunen sitt forslag til planområdeavgrensing for oppstartvarsel.

	
Gjeldande arealplan med planavgrensing. LNF-føremål i strandsone (landbruks-, natur- og friluftslivsføremål), L-føremål ved vegen (skravert, landbruk). BN49, industriføremål.	
VIKTIGE INTERESSER, UTGREIINGSBEHOV OG PREMISSAR FOR VIDARE PLANARBEID – førebels vurdering.	
Naturmangfald	Gjerast greie for
Kulturlandskap og -minne	Fylkeskommunen vil vurdere potensiale for funn, og ev setje krav til forundersøking.
Strandsone, sjø og vassdrag	Ev påverknaden vil vere knytt til anleggsperioden. Avslutting av fylling kjem nær sjø, og må ha ei estetisk god utforming. Murar bør i hovudsak vere i naturstein.
Naturressursar	Landbruksressursane er avgrensa. Vedhogst kan ev vere aktuelt.
Omsyn til omgjevnadane	Støy- og støvpåverknad på busetnad og ferdsel i nærområdet i samband med anleggsarbeidet. Tilkomst til området i vest/trafikkavvikling i anleggsperioden må utgreiast.
Infrastruktur / VA	Det må avklarast om det er kapasitet i avlaupsanlegget, sjølv om det er tale om liten auke i tilsette. Vassforsyning er via kommunalt vassverk, med god kapasitet.

	Det skal lagast plan for overvasshandtering. Kommunen sin VA-norm er vedlagd.
Støy og støv/forureining	Støy- og støvpåverknad i anleggsfasen må gjerast greie for.
Beredskapsmessige vurderingar / ROS-analyse	Fare for nedfall av lausmassar. Trafikktryggleik på anleggsområdet og fylkesvegen med gang- og sykkelvegen.
Høyringspartar	Kommunen lagar varslingsliste.
Behov for medverknadsprosessar	Ingen utover ordinære krav til medverknad. Behov for god informasjon i samband med oppstart av tiltak. Ev ope møte i samband med høyring av reguleringsplanframlegg. Dette blir vurdert når ein ser innkomne innspel til planoppstartvarsel.
GENERELT OM PLANPROSESS OG KRAV	
Krav til varsel om oppstart av planarbeid	1. Forslagsstillar skal varsle oppstart av planarbeidet i minst 1 avis som er alminneleg lest på staden (eks Firdaposten eller Fjordenes Tidende). Varsling skal ha opplysning om forholdet til KU. 2. Kommunen legg varsel om oppstart ut på si heimeside. 3. Samstundes skal det sendast brev til offentlege instansar (sjå vedlagt høyringsliste), grunneigarar og naboar med orientering om planarbeidet, dagens og framtidig planstatus, og formålet med planen. 4. Kommunen sender naboliste og oversikt over lag/organisasjonar som må varslast. 5. Innspelsfristen skal vere minst 4 veker 6. Referat frå oppstartsmøte skal leggjast ved varslinga. Forslagsstillar skal sende varslingsbrev og annonse og digital planavgrensing i gjeldande SOSI-format, til kommunen for kontroll, før melding om planoppstart.
Kart og plandata	Digitale kart- og plandata kan bestillast frå kommunen sine kartløyisingar og blir formidla via e-torg/Norkart. Dei blir levert i formata SOSI, DWG eller DXF.
Krav til innlevering av plandokument	Forslagsstillar/konsulent er kjent med kommunen og plan- og bygningslova sine krav til planframstilling. Plandata skal oppfylle kommunen sine tekniske krav før planforslaget blir sendt til 1. gongs handsaming. Plandokumenta skal leverast i følgjande format: - Plankart i pdf-format og i gjeldande SOSI-versjon - Reguleringsføresegner i pdf- og word-format - Planomtale i pdf- og word-format - Ev. rapportar og utgreiingar i pdf-format Andre dokument: - Kopi av kunngjering, varslingsbrev og adresseliste - Kopi av innspel ved oppstart av planarbeidet. Desse kan sendast over etter kvart som dei kjem inn. - Ev. illustrasjonar Kommunen ønskjer ein god dialog om planframlegget, før det vert levert inn til handsaming. Vi minner om krava til universell utforming av dokument, jf. vedlegg.
Framdrift	Varsel om planoppstart etter sommarferien, sidan Statsforvaltaren legg på fire veker dersom varsling blir gjort før

	ferien. Kommunen reknar med planprosessen, fram til vedteken plan i kommunestyret, tek minst eit halvt år. Det vart avtala at delingssak for tomten som skal regulerast blir lagd på vent. Deling bør gjerast i medhald av planen som skal utarbeidast, og det er iallethøve praktisk å avvente oppmåling til etter at tomtearbeidet er avslutta, for å unngå skade på grensepunkt.
Gebyr	- Vi vil vurdere saksbehandlingsgebyret for plansaka, ut frå kommunen sitt gebyrregulativ; Gebyrliste. - Ved innsending av planforslag, skal konsulent oppgje fakturamottakar.
Andre kommentarar:	- Kommunen skal ha planframlegget til gjennomsyn før utlegging til offentleg ettersyn. - Kontaktinfo til driftssjef VAR: Øystein Grande, tlf 47 96 04 87 90, ev epost: oystein.grande@bremanger.kommune.no. - Ivareta omsyn til å unngå spreiding av framande artar under anleggsfasen. - Vi viser til føresegnene til kommuneplan, arealdelen, der det i tillegg til andre generelle føresegner, gjeld underståande, for planarbeid: Føringar for planarbeid (i tillegg til krav i lov og forskrift): • Areal til infrastruktur og trafikktryggleik Det må avklarast tidleg i planprosessen om planområdet har naudsynt areal til å løyse trafikk, parkering og sikre infrastruktur for mjuke trafikantar. For bustadområde skal det særskilt takast omsyn til trygg skuleveg. I samband med planarbeidet kan kommunen setje rekkefylgjekrav om opparbeiding av infrastruktur for å sikre mjuke trafikantar, og andre tiltak for å sikre trafikktryggleik, før utbygging vert tillate. Det skal så langt som råd leggjast til rette for etablering av breiband, i område for bygningar og anlegg. • Drikkevatn Det skal vere tilgang til nok og trygt drikkevatn til planføremålet, og vassforsyningsanlegg for nye bustadar/fritidsbustadar skal vere registrert hos Mattilsynet, jf. drikkevassforskrifta. • Sløkkjevatn og areal til snøopplag, bossdunkar mm. Det skal takast særleg omsyn til kapasitet på sløkkjevatn, nødvendig areal til snøopplag, og felles oppstillingsplass for bossdunkar. • Massehandtering Bygge- og anleggstiltak skal planleggjast med sikte på å oppnå intern massebalanse, og det skal vurderast plangrep som reduserer masseoverskotet. For planar som genererer større mengder overskotsmasse (over 5 000 m3) skal det lagast ein massedisponeringsplan i samsvar med avfallspyramiden sine prinsipp om å prioritere reduksjon, gjenbruk og materialgjenvinning. Det må setjast av nødvendig areal i planen for handtering av massar/mellomlager dersom gjenvinning eller gjenbruk av massane er aktuelt. Berre massar utan gjenbruks- eller gjenvinningspotensiale bør deponerast. Også reine overskotsmassar er næringsavfall, og skal handterast i samsvar med avfallsregelverket.

STADFESTING OG ATTERHALD

Informasjonen frå kommunen er gitt så langt det er mogleg på grunnlag av tilgjengeleg informasjon under oppstartsmøtet. Verken oppstartsmøtet eller referatet gir rettar i den seinare sakshandsaminga. Protestar frå naboar og andre, krav frå offentlege mynde og andre, vil kunne føre til krav om endring av prosjektet. Kommunen føreset at eventuelle endringar i planen etter offentleg ettersyn, vert gjort av plankonsulent.

Vedlegg:

Kravliste_for_universell_utforming

VA Norm Fjordane og Ytre Sogn - sluttversjon

Helsing

Magnhild Myklebust
Leiar plan og forvaltningInger Hilde
Arealplanleggjar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Mottakarar:

Klausen Industrier Svelgen As	Gunnar Schjelderups veg 66	6723	Svelgen
Norconsult Norge As	Postboks 626	1303	Sandvika

Kopi til:

Asbjørn Inge Steen	Steinabøen 1	6800	Førde
--------------------	--------------	------	-------

Vedlegg:

Kravliste_for_universell_utforming

VA Norm Fjordane og Ytre Sogn - sluttversjon